

Sunnfjord Outdoor

6.-14. august 2011

Opplev 10 ulike turar, kulturopplevingar og aktivitetar

Turar med spesielle og spennande opplevingar i den vakre naturen i Sunnfjord!

I turprogrammet er det lagt opp til variasjonar med element frå breen, fossane og utsiktsfjella – og kulturopplevingar langs gamle stiar midt i den frodige Sunnfjordnaturen. Saman med guide blir det ei ekstra oppleving der du får høyre om landskap, kulturminne og hendingar i tillegg til dei mektige naturbiletta.

For meir informasjon

Førde Turistkontor

☎ 57 82 22 50

Produktark for kvar tur med detaljinfo www.sunnfjord.no. Påmelding dagen før innan kl. 18.00.

www.sunnfjord.no

- ☒ = servering
- = Lett
- = Middell
- = Tøff
- ▲ = Bre

PROGRAM

NIVÅ

TID

Laurdag 6. august • Sykkeltur, konsert, konkurranse ved Hestadjorden, Gaular

Sykkeltur langs Hestadjorden, opplev naturlandskap. Intimkonsert i Hestad kapell. Premie til alle. Sykkelkonkurranse for born. Born i følge m/vaksen. Valfritt kjøp av mat. Frammøte: Bedehuset på Hestad. Start kl. 10.30. Pris kr. 150,- (born u. 12 år gratis).

■ ☒ 3,5 t.

Søndag 7. august • Musikalsk kulturoppleving i Paulen, Jølster

Kulturprogrammet i Paulen vert leia av Jon O. Kandal i samarbeid med spelemannsvener, Indre Sunnfjord Spelemannslag. Frammøte: Ved Paulsvatnet. Start kl. 15.30. Pris: kr. 150,-.

1,5 t.

Søndag 7. august • Gøyvinga, Gaular

Stølsvegen til Gøyvinga er eit viktig kulturminne. Frammøte: Bedehuset på Hestad. Start kl. 10.00. Pris kr. 100,-.

■ ☒ 6 t.

Onsdag 10. august • Gullgruva, Førde

Guida tur til gruva m/fokus på geologi og gullgruvedrift i Sunnfjordfjell. Frammøte: V/Ryggjebrua i Angedalen, ta av mot Flugedalen, køyr til grinda. Start kl. 18.00. Pris kr. 50,-.

■ 4 t.

Torsdag 11. august • Hjellbrekkestøylen – Flugestøylen, Jølster

Familietur langs sti og skogsveg til støylane. Frammøte: Resepsjon v/Jølstraholmen Camping. Start kl. 10.00. Pris kr. 50,-.

■ 3-4 t.

★ Brevandring på Haugabreen og rafting i Jølstra kan bestillast kvar dag heile sesongen. Oppgjevne prisar er per person. Kontant betaling til guide.

PROGRAM

NIVÅ

TID

Torsdag 11. august • Vindkjegla-Kringla, Naustdal

Vandring m/stølskultur og flott utsikt over indre delen av Førdefjorden. Frammøte: Kommunehuset i Naustdal. Start kl. 10.30. Pris kr. 50,-.

■ 4-5 t.

Fredag 12. august • Fossestien, Gaular

Vandring langs ferdslvegane, støylskveld, vern av vassdrag, rømmegrout & spekemat. Frammøte: Torsnesstølen, Gaularfjellet. Start kl. 17.00. Pris kr. 250,-.

■ ☒ 3-4 t.

Laurdag 13. august • Storehesten via Tomasskåra, Gaular

Topptur til Storehesten (1209 moh). Prøv trasèen gjennom skåra, få ei ny oppleving. Frammøte: SPAR i Bygstad. Start kl. 09.00. Pris kr. 300,-/150,-/fam. 2v+2b kr. 900,-.

■ 6-7 t.

Laurdag 13. august • Rafting i Jølstra ★, Jølster

Eit av Skandinavias beste og spennande raftingtilbod. Aldersgrense 15 år. Frammøte: Solrenning Camping, Vassenden. Start kl. 14.00. Pris kr. 850,-.

■ 3-4 t.

Søndag 14. august • Brevandring

på Haugabreen ★, Jølster

Brevandring i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Opplev breen på sitt beste. Frammøte: Jølster Turistkontor. Start kl. 09.30. Pris kr. 500,-.

■ ▲ 7-8 t.

Sunnfjord

Fosseheimen - mellom bre og fjord